

Finansieringsmodeller for norske open access tidsskrifter

I mi bacheloroppgåve i bibliotek- og informasjonsfag ved Høgskolen i Oslo, våren 2008, gjennomførde eg ein kvalitativ undersøkelse for å kartlegge kva finansieringsmodeller norske open access tidsskrifter anvender. Undersøkelsen vart utført i form av telefonintervju med tidsskriftenes redaktørar. Denne artikkelen presenterer hovudfunna i oppgåva.

I mai 2008 var det omlag 12 open access tidsskrifter i Noreg. Dette talet har auka, og det finnes no over 15 OA-tidsskrifter i Noreg (DOAJ, 2008). Ein kan dele dei norske OA-tidsskriftene inn i to hovudgrupper: institusjonelle tidsskrifter og medlemstidsskrifter. Overvekten av dei norske OA-tidsskriftene er institusjonelle, og består av: Acta Didactica Norge, The Chironomus Newsletter on Chironomidae Research, Journal of Arabic and Islamic Studies, Nordlit, Nordlyd, Seminar.net og Voices: a World Forum for Music Therapy. Medlemstidsskriftene er ei litt mindre gruppe, og består av: Den norske tannlegeforenings Tidende, Norsk Epidemiologi, Norsk Geologisk Tidsskrift og Tidsskrift for Den norske legeforening.

Den mest kjente finansieringsmodellen for open access tidsskrifter internasjonalt er bruk av publiseringsavgift, gjerne kalt forfattarbetaling. Ein annan vanleg finansieringsmodell er direkte finansiering frå institusjonar eller foreningar. Dømer på andre finansieringsmodeller kan vere inntekt frå annonser og medlemsavgifter, sponing eller alternative inntekter som til dømes bruk av elektronisk markeds plass. Dei fleste OA-tidsskrifter opererer med ein kombinasjon av fleire finansieringsmodeller.

Resultata frå intervjuar viser at det er forskjell på institusjonelle tidsskrifter og medlemstidsskrifter i valg av finansieringsmodell. Dei institusjonelle tidsskriftene tilhøyrer i hovudsak humaniora og samfunnsfag, og finansieres ved hjelp av intern støtte frå eigen institusjon, samt frivillige bidrag i form av redaksjonelt arbeid. Det er denne gruppa som har minst tidsskriftkontroll over rettigheter, og dei tillet i stor grad forfattar å publisere sine bidrag i andre publiseringskanalar. Det er samstundes desse tidsskrifta som slit mest økonomisk og som er mest bekymra for korleis dei skal finansiere seg i framtida.

Medlemstidsskriftene, som alle tilhører fagområdet teknologi, vitenskap og medisin er i hovudsak tilfreds med sin finansieringsmodell. Dei finansierer seg i all hovudsak ved hjelp av inntekter frå annonsering og medlemsavgifter, og baserer seg i mindre grad på frivillige bidrag. Ein ser også at medlemstidsskriftene har ein større grad av kontroll over forfatters rettigheter.

Fellestrekk for dei norske OA-tidsskriftene er at dei i stor grad baserer seg på frivillige bidrag. Ekstern støtte og sponsorinntekter er omtrent fråverande som finansieringsmodell. Ein ser også at bruk av publiseringsavgift i realiteteten ikkje er prøvd ut i Norge. Der det er tatt i bruk dreier det seg om frivillig publiseringsavgift, eller publiseringsavgift ved bidrag som overskrider eit visst antal sider. Ein ser at dei tidsskrifta som ikkje har inntekter frå annonsering eller medlemsavgifter slit økonomisk. Dette er også den største gruppa av open access tidsskrifter i Noreg, og det kan argumenteres for at det er behov for alternative finansieringsmodeller for open access tidsskrifter i Norge.

Oversikt over finansieringsmodeller:

	Frivillige bidrag	Intern støtte	Ekstern støtte	Sponsor-inntekter	Sam arbeid	Publ. avg.	Annonse inntekter	Abm. inntekter	Medl. inntekter
Acta Didactica Norge	X	X							
Chironomius Newsletter..	X	X			X				
Journal of Arabic and Islamic studies	X	X			X				
Nordlit.	X	X							
Nordlyd	X	X							
Seminar.net	X	X	X						
Voices	X	X			X	(X)			
Den norske tannlegeforenings Tidende							X		X
Norsk Epidemiolog	X		X	X					X
Norwegian Journal of Geology	X					(X)		X	
Tidsskrift for den Norske legeforening							X		
Dictum	X								

(x) = Voices: Frivillig publiseringsavgift.

Norwegian Journal of Geology: Publiseringsavgift ved bidrag over 12-16 sider.

Referanser

Bratland, Else Dagfrid. (2008). *Finansieringsmodeller for norske open access tidsskrifter: ein kvalitativ undersøkelse*. Oslo: Høgskolen i Oslo.

DOAJ. (2008). DOAJ (2008). *Directory of Open Access Journals: Find journals*. Lokalisert: <http://www.doaj.org/doaj?func=findJournals&hybrid=&query=norway>